



DEN NORSKE KYRKJA

Ikornnes sokneråd

Referat frå møte i Ikornnes Sokneråd 27.09.2021

Ikornnes kyrkje kl. 20:30

Til stades: Magnar Vigstad, Janita Kurseth Eikemo, Ellen B Vatne, Ingmund Eliassen og Anita Øvergård. Erlend Lunde via face-time på deler av møtet.

Sak 37/21 Godkjenning av innkalling

Ingen innvendinger.

Sak 38/21 Godkjenning av referat frå forrige møte

Godkjent.

Sak 39/21 Ny utlysing av prestestillinga i Ikornnes Kyrkje

Svein Runde har sendt oss utkastet. Ser ok ut slik den står, men med anna bilete (må vere av Sykkylven, ikkje Stranda 😊)

Sak 40/21 Flislegging / skifer utanfor kyrkja

Magnar er i gang med jobben på dugnad, har fått med seg fleire for å hjelpe til. Rolf Magnussen har vore innom som fagmann for å instruere rett framgangsmåte. Vi får betalt tilbake for dugnadstimane.

Sak 41/21 150-års jubileum Hundeidvik Blandakor

Leiaren er invitert til festmiddag etter konserten 2. oktober. Vi må gi ei lita gåve til dei – Anita ordner så Magnar får med på laurdag. Prisantydning mellom 1000-2000.-

Sak 42/21 Seniordag 31.10. i Sykkylven Kyrkje

Etter gudstenesta. Vi (soknerådet) skal vere med å servere + rydde etterpå. Magnar, Janita, Ingmund og Anita har meldt seg. Kanskje vi må ha med eit par til...bør vere minst 5 stk.

Sak 43/21 Ny dato for fellesmiddag / møte for begge sokneråda?

Har fått forslag om 2. november (kl 17?). Dette er ikke 100% sikkert, men sett av datoen inntil videre.

Sak 44/21 Avskjedsgudsteneste Erlend

Vi foreslår søndag 21. november. Inviterer med Hundeidvik Blandakor, og har utvida kyrkjekaffi. Anita organiserer avskjedsgave til Erlend.



DEN NORSKE KYRKJA

Ikornnes sokneråd

Sak 45/21 Forslag til ny kirkelig organisering

Denne er ute på høyring no, svarfrist 1. desember. Vi les gjennom og kjem med ein uttale på neste møte.

Sak 46/21 Kyrkjedagane 2022

Vi sikter inn på helga 4. – 6. mars. Anita melder inn til Aktivitetskalenderen i kommuna.

Sak 47/21 Utelys kyrkja

Det ser ganske mørkt ut no, ingen av lysa ute virker – farlig å ferdast etter at det har blitt mørkt.

Neste møte: 15. november kl. 20.00, Ikornnes Kyrkje

Anita Øvergård

skrivar